

Forskerforbundet ved NTNU - styremøte torsdag 6. april 2017 kl. 12.30-15.30

Desse møtte: Jon Anders Risvaag, Gry Eva Alterskjær, Ann-Katrin Stensdotter, Magnus Rom Jensen, Tord Mjøsund Talmo, Hans Engenes, Linda Fredriksen, Kristin Nørsett og Gunnhild N Furnes

Brita Bungum møtte ikkje.

Presentasjon av styremedlemmer.

SAKLISTE:

1. Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkallinga og saklista vart godkjent med slike merknader: Det kan gjerne gå fram om ei sak er ei orienterings- eller ei drøftingssak. I drøftingssaker bør sentrale spørsmål i saka presenterast.

Første varamedlem har møteplikt etter vedtekene. Det er ønskeleg at samtlege varamedlemmer møter kvar gong.

I Kristin Dæhli sitt fråvær vart Gunnhild N Furnes oppnemnt til sekretær.

2. Konstituering av styret og val av nestleiar

Styret blir konstituert fram til årsmøtet i mars 2018. Gunnhild Furnes vart valt til nestleiar for same periode.

3. Styrets rolle

Styret hadde ein gjennomgang der det vart peika på kva som skal vere retninga framover: I styret har det vore stor grad av fokus på Sesam- og fusjonssaker. Det er andre tema i høve til medbestemmelse, lønsfastsetting og midlertidigheit som styret på sjølvstendig grunnlag må sette fokus på. Forskerforbundet ved NTNU har ei profileringsutfordring og den må styret ta.

Styret har det overordna ansvaret for lokallaget. Den daglege drifta er delegert til sekretariatet under leiing av HTV. I styret blir politikken til lokallaget utforma. Det skal m.a. gi retning for arbeidet til sentrale og lokale tillitsvalte samtidig som styret skal vere forsiktig med å «gå i beina til dei tillitsvalte». Styret må legge sine prioriteringar i høve til vedtatt arbeidsprogram.

Vedtak:

Lokallagets ambisjon bør vere i større grad å sette dagsorden, og det må bli meir synleg m.a. gjennom kronikkar og liknande i UA og andre kanalar.

Styret skal utforme politikken til lokallaget innan dei rammene arbeidsprogrammet gir. Styret skal også gi retning og støtte til sentrale og lokale

tillitsvalte. Styreleiar har ei rolle i høve til dette og blir jamt til stades på lokallagskontoret.

Det blir gjennomført eit styreseminar medio mai med representantar frå Forskerforbundet sentralt til stades.

Til kvart styremøte skal det vere sett opp ein agenda av aktuelle saker. Mellom sakene til SESAM blir det gjort eit utval av saker som blir fremja for styret. Styret blir orientert om alle saker som skal til SESAM.

Dagsorden til styremøta blir gjennomgått i arbeidsutvalet (AU) på førehand. Mandatet for arbeidsutvalet blir fremja for styret som eiga sak.

Når det gjeld styrets arbeidsform, så kan det gjerne bli satt ned arbeidsgrupper til å arbeide med større saker, høyringar osv. Her kan det også vere aktuelt å trekke inn andre enn styremedlemmer.

Tema til neste møte: Medbestemmelse og medverknad på generelt grunnlag – kva er det vi ønskjer? Diskusjonen kan gjerne koplart til campussaka.

4. Møteplan våren 2017

27.april kl 9-12

8.juni

13.juni kl 12-15

Styreseminar i Trondheimsområdet i første halvdel av mai (doodle er sendt). Styreseminar hausten 2017 – andre veka i oktober.

5. Styrking av tillitsvalt-apparatet

Lokallaget er i ei konsolideringsfase der det må byggast ein felles kultur og skapast ei felles forståing. Viss Forskerforbundet ved NTNU skal vere meir synleg, må også tillitsvalt-apparatet styrkast. Lokale tillitsvalte har ofte ei einsam rolle. Det må etablerast felles arenaer der aktuelle saker blir debattert. Det skal gjennomførast val av lokale tillitsvalte. Styret har fått høve til å opprette klubbar i Ålesund og Gjøvik.

(Organisasjonsrapporten som ei arbeidsgruppe utgått frå dei tidlegare styret utarbeidde og presenterte for styret blir sendt ut til det nye styret).

Vedtak:

Det vil vere behov for å få rekruttert inn nye tillitsvalte og det vil gå ut oppfordring om å stille som LOSAM-kandidatar.

- Innan sommaren 2017 blir det gjennomført val av lokale tillitsvalte i alle LOSAM-områda.
- Det blir gjennomført eit informasjonsmøte for dei som kan tenkje seg å stille som tillitsvalt.

- Det blir etablert kontaktgrupper i fakulteta rundt lokale tillitsvalte med representasjon frå fleire institutt. Dette blir ei gruppe den/dei lokale tillitsvalte kan rådføre seg med i forkant av LOSAM-møta.
- Lokale tillitsvalte får tilbod om kurs i regi av Forskerforbundet sentralt.
- Lokale tillitsvalte blir jamleg invitert til samlingar for lokale og sentrale tillitsvalte i lokallaget.
- Lokale tillitsvalte blir inviterte til å delta på styreseminar.

Det er også behov for å styrke det sentrale tillitsvalt-apparatet i lokallaget.

Spørsmålet om det skal opprettast klubbar i Ålesund og Gjøvik blir sak på neste styremøte.

6. Utvalde SESAM-saker

- a. 26/17: Personalpolitikk for ansatte i undervisnings- og forskerstillinger
- b. 27/17: Karrierepolitikk for vitenskapelige ansatte (se vedlegg)

Sakene a og b vart tatt under eitt. Like fullt er det slik at saksområdet må sjåast på med eit todelt blikk:

Styret uttaler følgende:

For det første: Forskerforbundet har påpeikt kor uheldig dagens situasjon er der tilsette i vitskaplege stillingar har ulike arbeidsvilkår. Det er sær problematisk at denne rapporten ikkje har nokon plan for korleis dette skal kunne løysast over tid. Det må på plass utviklingsmuligheiter for dei innfusjonerande, og Forskerforbundet etterlyser ein konkret plan for over tid å få til dette. Formuleringa på side 2 i notatet om at det ikkje blir gjort slike justeringar bør såleis utgå.

For det andre: Når det gjeld karrierevegane og nytilsetting, er Forskerforbundet kritisk til at ein ikkje kan velje mellom desse. Det er ein skepsis til om professorløpet blir bygd ned i ein situasjon der det er svært lite ønskeleg. Samtidig vil Forskerforbundet uttrykkje støtte til den satsinga på dosentløpet som rapporten legg opp til. Universitetslektorane må kunne velje mellom dosent- og professorløpet. Rapporten gir inntrykk av at dei innfusjonerande berre skal inn i dosentløpet.

Notatet har elles ein normativ og uryddig språkbruk. Det verkar som om notatet legg opp til eit (kunstig) skilje mellom utdannings- og forskingsaktivitet. Her er nokre tydelege nyansar når det er tale om høg kvalitet i undervisning og framragande kvalitet i forskning.

- c. 28/17: Campusprosjektet-medvirkning/medbestemmelse

I SESAM er det fleire gonger blitt etterlyst ein skriftleg aktivitets- og tidsplan for campusprosjektet der det framgår korleis medverknad og medbestemmelse skal ivaretakast.

Styret gir si fulle støtte til at dette kravet igjen blir framsett Dersom ikkje ein slik plan ligg føre, er det ikkje mogleg å ta stilling til å medbestemmelse og medverknad kan ivaretakast på ein god og hensiktsmessig måte. Både NTL og FF har stilt ei rekkje konkret spørsmål som ein ønskjer svar på. I tillegg bør også LOSAM si rolle i campusprosjektet klargjerast.

d. 29/17: Medvirkningsorgan/medvirkningsordninger ved campus
Ålesund og Campus Gjøvik

Dette er ei sak som for ei tid tilbake vart fremja av lokale tillitsvalte i Ålesund.

Styret kan stille seg bak av følgande uttale etter forslag frå Gunnhild Furnes:

I Gjøvik og Ålesund er det behov for lokale tillitsvalte. I Gjøvik og Ålesund bør det opprettast eit fast kontaktorgan mellom lokale tillitsvalte (evt kontaktpersoner for aktuelle fagforeningar) og viserektor. Dette vil vere viktige arenaer for informasjonsutveksling og dialog og forankra i hovudavtalen. Dette kontaktorganet kan tilleggast konkrete medbestemmelsessaker som gjeld avgrensa for Gjøvik eller Ålesund og på tvers av einingane i Gjøvik eller Ålesund.

Korleis den ordinære medbestemmelsen skal ivaretakast frå 8 ulike LOSAM i Trondheim og til tillitsvalte/ansatte i Ålesund og Gjøvik må avklarast. Det må etablerast kontakt mellom desse og aktuelle LOSAM i Trondheim for å sikre at ordinær medbestemmelse blir ivaretatt gjennom ordinær linje.

7. Eventuelt
Ingen saker under eventuelt.

Gunnhild N Furnes
Referent